

Notat

Dato: 27.08.2019
Arkivsak: 2018/16486-88
Saksbehandlar: thoare

Til: Partsamansett utval (PSU)

Frå: Prosjektleiar Rune Haugsdal

Medarbeidarundersøking i Vestland fylkeskommune

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i fleire år gjennomført regelbundne medarbeidarundersøkingar. I Hordaland var siste undersøking i 2018, i Sogn og Fjordane i 2016. Undersøkingane har vore viktige «temperaturmålarar» og gjeve nyttig input til arbeidet med å utvikle organisasjonane.

Basert på dei gode erfaringane både fylkeskommunar har med slike medarbeidarundersøkingar, har prosjektleiar bedt HR/personal starte arbeidet med å førebu ei slik undersøking i Vestland fylkeskommune i løpet av 2020. Hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneomboda vil bli inviterte med i dette arbeidet.

Nærare skisse til innretting og gjennomføring av medarbeidarundersøkinga vil bli lagt fram for det nye administrasjonsutvalet i november i år.